



Velkommen til Ulsteinhallen

Opent KM for Møre og Romsdal 19. og 20. mars 2022

19. og 20. mars vert det ny idrettsfest i Ulsteinhallen. Då arrangerer Dimna IL med hjelp frå dei andre klubbane i Møre og Romsdal Opent KM. Stemnet er opent for alle, også deltakarar frå andre kretsar.

Klasse	Laurdag - kl. 13.00	Søndag - kl. 11.00
7-9 år	60 m og lengde	
10 år	60 m, kule, høgde	Lengde og 200 m
11-12 år	60 m, kule, høgde, stav, 1000 m kappgang	60m hk, 200 m, lengde og 600 m
13 år	60 m, lengde, høgde, stav, 1000 m kappgang	60m hk, 200 m, kule, tresteg og 600 m
14 år	60 m, lengde, stav, 800 m, 1000 m kappgang	60m hk, 200 m, kule, tresteg og 600m, høgde
15-19 år	60 m, 400m, lengde, 800m, Stav, 1500m kappg.	60m hk, 200 m, 1500 m, kule, høgde, tresteg
Senior	60 m, 400m, lengde, 800m, Stav, 1500m kappg.	60m hk, 200 m, 1500 m, kule, høgde, tresteg

PÅMELDING:

Online påmelding via MinIdrett eller Sportsadmin. **Påmeldingsfrist: mandag 14. mars kl. 23.59.** Etterpåmelding mot dobbel startkontingent kan du sende på e-post på adressa: pamelding@dimna.no

STARTKONTINGENT:

Rekruttar: kr. 100,- for alle øvingane. 10 år kr. 100,- pr. dag (alle øvingane). 11 år og eldre: Kr. 100,- pr. start. Det blir sendt faktura på startkontingenten til klubben etter stemnet. Ved påmelding etter påmeldingsfristen vert det dobbel startkontingent.

PREMIERING:

Det vert medaljar til dei tre beste i kvar øving i gute- og jenteklassene frå 11 år og eldre. I rekruttklassa blir det deltakarpremie til alle. I 10 års klassa vert det ein deltakarpremie pr. dag til alle. Det vert også deltakarpremiar til alle i klassene i 11 og 12 års klassa.

ANNAN INFORMASJON:

I løpsøvingane frå 200 m og lenger vert det tid avgjerande (ingen finaler). På 60 m og 60 m hekk vert det forsøk og finale for klassene 11 år og eldre. **I Ulsteinhallen er det berre lov med butte 6 mm innandørspiggjar. Inne i hallen må ein også ha reine jogglesko. Sko som blir brukt ute til oppvarming el.l. kan ikkje nyttast inne i hallen.**

Ytterlegare informasjon kan rettast til: Arve Hatløy tlf. 41 47 61 48. Informasjon om stemnet (tidsskjema og deltakarliste) vil også bli lagt ut på vår heimeside www.dimna.no.

Overnatting

Quality Hotel Ulstein tlf. 70013000



KONGSBERG

